



Stad kommune

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Eid Jeger- og fiskelag v/ Jan Olav Tryggestad

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

23/5171 - 12 / LVB

18.03.2024

Vedtak om overordna forvaltningsplan for hjort 2024-2026

Stad kommunestyre- 24/043, har i møte 07.03.2024 09:00 fatta følgjande vedtak:

Stad kommunestyre vedtek framlegget til forvaltningsplanen for hjort 2024-2026, med dei endringar som er gjort, slik den ligg føre som vedlegg i denne saka.

Planen ligg vedlagt.

Med helsing

Lindis Bergland Østgård
utmarksforvaltar landbruk Gloppen og Stad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg

Overordna forvaltningsplan for Stad 2024-2026 - sluttversjon 1655885 18.03.2024

Mottakarar

Eid bondelag v/ Tom-Even
Langø
Eid Jeger- og fiskelag v/ Jan
Olav Tryggestad
Haugen sanke og beitelag
v/Vidar Haugland
Heggjabygda beitelag v/Odd-

Post- og besøksadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org.nr

921 060 157

E-post

post@stad.kommune.no

Internett

www.stad.kommune.no

Mottakarar

Harald Heggen
Henden bondelag v/ Ranveig
Årskog
Hennebygda beitelag v/Roy
Cato Hopland
Hjortevald Barmen v/ Svein
Barmen
Hjortevald Bergdal v/ Sveinung
Hansen
Hjortevald Borgund og
Oksebakkane v/ Merete
Borgundvåg Pettersen
Hjortevald Borgundvåg v/ Ben
Johan Borgundvåg
Hjortevald Bortne - Berge -
Lesto v/ Leif Magne Berge
Hjortevald Bryggja Aust v/
Jetmund Nyvang
Hjortevald Bryggja Vest v/
Dennis Frislid
Hjortevald Drage - Austmyr v/
Kjetil Friberg
Hjortevald Eide - Berstad v/ Per
Helge Helgesen
Hjortevald Eltvik v/ Øyvind
Hansen
Hjortevald Ervik v/ Svein Ervik
Hjortevald Fagerlid v/ Reiel
Fagerlid
Hjortevald Flister v/ Stig Arild
Kvernevik
Hjortevald Flisternes - Sandvik
v/ Johnny Træet
Hjortevald Fløde v/ Dagrunn
Prestvik
Hjortevald Fure v/ Kjell Fure
Hjortevald Fureneset - Seljenes
v/ Karl Eivind Kroken
Hjortevald Gangeskar v/ Frank
Arne Gangeskar
Hjortevald Grytting - Liset -
Årdal v/ Skjalg Pedersen
Hjortevald Hatlenes - Øren v/
Magnar Hatlenes
Hjortevald Heggjabygda og
Leivdalen v/ Torbjørn Leivdal
Hjortevald Hoddevik v/ Terje
Ivar Hoddevik
Hjortevald Honningsvåg v/ Ove
Waag
Hjortevald Hove - Hammarsvik

Mottakarar

v/ Dag Hamre
Hjortevald Kjøde og Skorge v/
Olav Gjerde
Hjortevald Kjølisdalen v/ Lars
Etterdal
Hjortevald Kroken Vest v/ Jan
Erik Lien
Hjortevald Kvernevik v/ Marius
Svoren
Hjortevald Langedalen v/Einar
Hessevik
Hjortevald Leikanger v/ Sverre
Leikanger
Hjortevald Lillekjøde
samjaktlag v/ Inge Arnt Kjøde
Hjortevald Lundebrekke -
Sandenes v/ Jon Ervik
Hjortevald Moldestad - Salt og
Fellesområde 66-72 v/ Bjørn
Villard
Hjortevald Morkadal v/ Arne
Dalsbø
Hjortevald Nordbygda v/ Odd
Helge Henden
Hjortevald Nordpoll v/ Stig
Håvik
Hjortevald Nore-Heggedal v/
Jan Magne Heggedal
Hjortevald Otnes - Kvamme v/
Oddvar Kvamme
Hjortevald Rundereim v/ Birger
Rundereim
Hjortevald Sagtennene v/ Per
Rune Hildenes
Hjortevald Sandvik -
Sandviknes - Otneim v/ Per
Sandviknes
Hjortevald Selja/Teigane v/
Arnt Laukeland
Hjortevald Sjøstad v/ Steinar
Hatlelid
Hjortevald Solibakke/Brobakke
v/ Arild Solibakke
Hjortevald Stave v/ Ronald
Haaland
Hjortevald Stokke v/ Peder B.
Sjøstad
Hjortevald Stårheim-Haugen v/
Nils Magne Nedreberg
Hjortevald Sørsida v/ Kjell
Magne Åshamar

Mottakarar

Hjortevald Teige v/ Jarle Teige

Hjortevald Totland/Kroken

Aust v/ Arnfinn R. Myklebust

Hjortevald Tungevåg v/ Rita

Borgundvåg

Hjortevald Vetrhus v/ Arild

Myklebust

Hjortevald Vik - Beitveit v/

Mathias Eriksen

Hjortevald Årsheim v/

Kristoffer Aarsheim

Hjortevald Årvik v/ Anne Grete

Ervik

Hjortevald Åsnes v/ Peder Ole

Maurstad

Hjortevald: Sande v/Jarle Svein Vestkappvegen 1844

6750

Stadlandet

Honningsvåg

Hjortevaldet Eide/Berstad

v/Per Helge Helgesen

Kinn Kommune

Postboks 294

6701

Måløy

Kjølsdalen krins sanke- og

beitelag v/Øystein Leite

Naturvernforbundet i Eid v/

Thorleif Jakobsen

Naturvernforbundet i Eid

v/Thorleif Jakobsen

Selje og Stadlandet bondelag v/

Svein Per Ervik

Selje og Vågsøy BS v/ Kjartan

Naustdal Eid

Solsida beitelag v/Knut Tore

Nes Hjelle

Stad sankelag v/Geir Ole Ervik

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

Stryn Kommune

Tonningsgata 4

6783

Stryn

Stårheim beitelag v/Åmund

Starheim

Vanylven Kommune

Rådhusvegen 1

6143

Fiskå

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen

Volda Kommune

Stormyra 2

6100

Volda

Ytre Nordfjord jeger- og

fiskerforening v/ Jostein Hole

Ytre Nordfjord skogeigarlag v/

Geir Ove Hundeide



Arkiv: FE-080, FA-K46, TI-
&13, HØRING-
07.02.2024
JournalpostID: 24/6003
Saksbehandlar: Lindis Bergland
Østgård
Dato: 05.02.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/020	Samfunnsutval	28.02.2024
24/043	Stad kommunestyre	07.03.2024

Vedtak om overordna forvaltningsplan for hjort 2024-2026

Bakgrunn for saka:

Den overordna forvaltningsplanen for hjort 2024-2026 har vore på høyring frå 19. januar til 7. februar 2024. Det kom fire innspel innan fristen. Desse, samt oppdatert statistikk frå jakta, er brukt som grunnlag i oppdateringa av planen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre vedtek framlegget til forvaltningsplanen for hjort 2024-2026, med dei endringar som er gjort, slik den ligg føre som vedlegg i denne saka.

Vedlegg i saka:

14.02.2024	Høyringsinnspel Vestland fylkeskommune	1644179
15.02.2024	Høyringsinnspel Naturvernforbundet	1644180
15.02.2024	Høyringsinnspel Eid hjorteutval	1644181
14.02.2024	Høyringsinnspel Eid Jeger og Fiskelag	1644182
15.02.2024	Overordna forvaltningsplan for Stad 2024-2026	1644796
19.02.2024	Høyringsinnspel - Valdet Eide-Berstad - komen inn etter sakshandsaming	1646001

Samfunnsutval 28.02.2024:

Handsaming:

SAMF- 24/020 Vedtak:

Stad kommunestyre vedtek framlegget til forvaltningsplanen for hjort 2024-2026, med dei

endringar som er gjort, slik den ligg føre som vedlegg i denne saka.

Stad kommunestyre 07.03.2024:

Handsaming:

Det vart røysta over innstillinga frå samfunnsutvalet som vart samrøystes vedteke.

KS- 24/043 Vedtak:

Stad kommunestyre vedtek framlegget til forvaltningsplanen for hjort 2024-2026, med dei endringar som er gjort, slik den ligg føre som vedlegg i denne saka.

Saksopplysningar:

I følgje forskrift om forvaltning av hjortevilt (heretter kalla viltforskrifta) § 3 skal kommunen vedta mål for utvikling av bestandane av hjortevilt.

Den overordna forvaltningsplanen for hjort i Stad kommune for perioden 2024-2026 har vore på høyring frå 19. januar til 7. februar 2024. Innan fristen kom det fire innspel frå:

- Vestland fylkeskommune (VFK)
- Eid hjorteutval (EH)
- Eid jeger og fiskelag (EJF)
- Naturvernforbundet (NF)

Innspela er summert etter tema:

Oppsett

VFK informerer om at både kapittel 2 og 3 har same overskrift og foreslår å flytte kapittel 5.2.6 til etter 5.2.8, samt at dei ønskjer informasjon om sett hjort per jegerdag for inn- og utmark i figur 8.

Terminologi

VFK kommenterer referansar til lovverket i innleiinga, samt at dei ønskjer at «forvaltningsplan» erstattast med «bestandsplan» for å samsvare med viltforskrifta §§ 15 og 16. Vidare meiner VFK at det er upresist å seie at det er jegeren som bestemmer kva hjort som blir skote sidan det er grunneigar/jaktrettshavar som er «forvaltar» og kan gje jegeren lov til å felle ein eller fleire hjort.

Vurdering av mål frå førre planperiode

VFK meiner det har vore gjort ei god vurdering av hjortetettleiken basert på eit godt kunnskapsgrunnlag.

Bestandsmål for perioden

Kalv

EH poengterer at målet på 1,2 kolle per bukk er noko urealistisk innafor planperioden. EH ønskjer at målsettinga for uttak av kalv skal endrast til 25 %. Dei meiner at eit kalveuttak på 30 % fører til at vaksne dyr må reduserast, noko som er uheldig når målet er å redusere stammen.

Kolle

VFK meiner at ein heller skal ha eit høgare jakttrykk totalt enn å ha eit uttak med eit lite overskot av koller i uttaket og syner til rettleiinga i viltforskrifta § 18 som seier at «Kommunen skal ut fra hensynet til likeverdig behandling av valdene, sørge for at alle vald - også ettdyrsvald – over tid får en rimelig tildeling av de ulike kategoriene på fellingstillatelsen. Ved store variasjoner i bestandssituasjonen i kommunen og/eller hvis kommunen har ulike mål for ulike områder, kan det likevel praktiseres ulik fordeling av kjønns- og alderskategorier. Dette må begrunnes særskilt.»

Slaktevekt

VFK understrekar at det bør registrerast nøyaktige slaktevekter (ikkje anslått) for dei aller fleste av dei felte dyra. Det har vist seg andre stader at opp til 10 prosent av dyr med slaktevekter i alderskategorien 1 ½ år (både fjorkoller og beinhonnel), var eldre dyr. For å unngå slike feil er det nødvendig å bestemme alder på dyr som i kategorien 1 ½ år ut frå tannutvikling i kjeven, eller aldersbestemming basert på tannsnitt.

Flytte løyve til område med mykje hjort og skade

EH ønskjer at kommunen i sterkare grad oppmode storvald og forvaltningsområde om å fordele ekstra løyve til jaktfelt som har høgt beitepress, stort tal hjort og høg avskyting.

Datainnsamling

VFK minner om at kommunen med heimel i viltforskrifta § 32 kan påleggje jegerar og/eller jaktrettshavarar å rapportere opplysningar om viltbestanden i sitt jaktfelt ved å registrere sett hjort.

Valdstruktur

EJF understrekar at det er særskilt viktig at endringar av minstearealet ikkje fører til mindre vald, samt at kommunane må samarbeide på tvers av grenser.

Rekruttering

EJF gjennomfører jegeropplæring og leiger jaktfeltet Mel/Myklebust i Sagtennene til opplæring av nye jegerar. Det bekymrar EJF at fleire jaktfelt ikkje har unge jegerar i det heile.

Fallvilt

NF peikar på at det er viktig med målretta tiltak og sikring for å hindre skadar og påkøyrslar ved veg. I tillegg bør uheldige sjåførar få hjelp etter traumatiske opplevingar ved påkøyrslar.

VFK er vegeigar for fylkesvegane og meiner samarbeid med kommunane vil vere interessant.

Vurdering:

I tillegg til endringane som er forklart under er det gjort små justeringar i teksten, samt at statistikken og karta er oppdatert for å inkludere data frå jakta 2023. Innspela er vurdert individuelt og samla og er summert opp etter tema under:

Oppsett

Det var feil i overskriftene og kommentarane på oppsettet er følgt opp.

Terminologi

Vi har prøvd å synleggjere forskjellen på bestandsplan på storvaldsnivå (forvaltningsplan) og bestandsplan på årsleveområdenivå (bestandsplan). Forskrifta gjev ikkje forskjell på desse, men vi meiner det er nyttig å kunne sjå kva som er kva. Det er no lagt inn ei beskriving av dette i innleiinga.

Når det gjeld kven som bestemmer kva hjort som blir skote, so er dette no retta til «*Innafor dei rammene som er gjeve, er det jegeren som bestemmer kva hjort som blir skote, enten det er på bøen eller i utmark, kolle eller bukk, stor eller liten.*» Med det so er det meint at jegeren kan velje å ikkje skyte eit dyr dei har løyve på og jegeren bestemmer kva individ i ein kategori (liten eller stor) som blir skote. Jegeren må sjølvstilt halde seg til tildelte løyve og retningslinjer frå grunneigar/jaktrettshavar, men den siste avgjersla ligg hos jegeren sjølv.

Bestandsmål for perioden

Kalv

Den kommunale planen skal vere overordna og skal sette mål på eit overordna nivå. Bestandsplanen for Ytre Nordfjord bestandsplanområde, som dekkjer årsleveområde for heile Selje, Bryggja og Kjølisdalen, har som mål å felle minimum 35 %. Dei siste to åra har avskytinga av kalv på kommunalt nivå vore på 30 % og meir. I snitt ligg valda i Selje og på Bryggja godt over 35 % kalv i uttaket dei siste to åra, mens Eid ligg på rundt 28 %.

I planen står det at det BØR vere minimum 30 % kalv. Vald som har gode grunnar for å fråvike dette, kan greie ut om det i planen viss dei har andre mål.

Det er viktig at kalveskyting ikkje blir teke i staden for vaksne dyr, men at dei blir felt i tillegg til. Vi er samd i at det er uheldig å ta ut færre vaksne dyr når vi har som mål å redusere stammen, men storvalda som Eid hjorteutval representerer, kan søkje om fleire løyve for å legge til rette for eit uttak med ekstra kalv i tillegg til dei vaksne dyra som det er mål å ta ut. Dei siste to åra har vi i tillegg hatt hjelp frå fri avskyting på kalv. Vi veit ikkje om det vil fortsette, men om det gjer det vil kommunen fortsette å søkje om dispensasjon på dette.

Kalveskyting er viktig av fleire grunnar og Norsk hjortesenter har i sin artikkel «Kalveskyting til besvær» fokus på dette. I eit naturleg bestand med store rovdyr er det fyst og fremst kalvane som blir teke ut. Kalvane er og meir utsett gjennom harde vintrar, og spesielt dei som er seint fødde. Hjorteviltbestandane er difor tilpassa høg dødelegheit på kalv. Tidlegare var det tilgang på vinterbeite som regulerte hjortebestandane, men med mildare vintrar og annleis klima kan det no sjå ut som at det fleire stader er sommarbeite som overbelastast. På sommarbeite er det ungdyra som er taparane i konkurransen om dei beste beiteplantane

i vekstperioden. Eit høgt uttak av kalv på hausten vil ta ut ein del av kalvane som sannsynleg ville ha døydd gjennom vinteren, samt hjelpe ungdyra som er igjen på sommarbeite våren etter til å vekse seg større.

Vidare informerer Norsk hjortesenter at sjølv om det er sterke band mellom kolle og kalv er likevel drivkrafta for eiga overleving og reproduksjon so stor at den overstyrer alt. Det betyr ikkje at kolla ikkje har nokon form for følelsar, men ein eventuell sorg er kortvarig og ikkje sidestilt med menneskelege følelsar. Betente jur er heller ikkje normalt hos koller som skiljast frå kalven, faktisk trivst koller i fangenskap betre når dei har blitt skilt frå kalven etter brunsten. Biologisk sett er det ikkje mange gode grunnar for å skyte lite kalv.

Kommunen har eit mål om å auke snittalderen i bestanden, samt å auke kvaliteten på dei gjenlevande dyra. Den beste måten å gjere det på er å ta ut ein stor del av kalv og ungdyr og la fleire av dei eldre dyra av begge kjønn få bli gamle. Med fokus på uttak av kalv skal det mykje til å øydelegge den gjenlevande bestanden av hjort, men for å få til bestandsreduering med eit høgt fokus på kalv, må tal dyr totalt aukast fordi det er dei mest produktive dyra som går igjen.

Kolle

Kommunen har ein høg indeks på kolle per bukk som tilseier at det er lite bukk og mykje kolle i hjortebestanden. Den beste måten å endre det på er å ta ut meir kolle enn bukk totalt, dette i tillegg til å ha høg fellingsprosent og jaktinnsats. Hjorten er ikkje likt fordelt verken i tettleik eller samansetting og det er naturleg at vald eller jaktfelt med mykje kolle tek ut meir kolle. Det betyr ikkje at dei ikkje får ta ut dei andre kategoriane i tillegg.

Vald med berre eitt løyve vil over tid få tildelt løyve på dei forskjellige kategoriane. Dette blir vurdert individuelt ved tildeling av løyve til vald med årleg tildeling. Der vald får tildelt annleis blir det lagt fram grunngjeving i saka om tildeling. For storvalda med eigne forvaltningsplanar kan dei legge til grunn eit uttak med meir kolle der dei har jaktfelt som til dømes har problem med for mykje hjort og kanskje har store mengder kolle på innmark.

Slaktevekt

Tiltaka rundt slaktevekt er endra for å tydeleggjere at vi ønskjer nøyaktige vekter der det let seg gjere og ikkje anslått.

Flytte løyve til område med mykje hjort og skade

Det er no lagt inn sterkare føringar i korleis valda legg til rette for aktive bønder med store økonomiske tap, samt at storvaldet skal gje ekstra løyve til jaktfelt som fyller kvoten og følgjer avskytingsplanen, so lenge dei har tilgjengelege løyve til å gjere det.

Kommunen gjer tilsvarande vurderingar ved tildeling til vald utan plan.

Datainnsamling

Tiltaket er endra til at alle som driver jakt skal registrere sett og felt hjort i Hjorteviltregisteret.

Valdstruktur

Minstearealet er direkte lenka opp mot storleiken på vald, samt kor store vald må vere for å kunne ha fleirårig plan, jf viltforskrifta §§ 9 og 12. Kommunen jobbar for å redusere tal vald i Selje og det er ikkje ønskeleg at ei endring av minstearealet skal føre til fleire og mindre vald, men kommunen kan ikkje nekte grunneigarar å dele opp vald so lenge dei nye valda held krava lista i viltforskrifta.

Rekruttering

Rekruttering er viktig og det er veldig positivt at EJV har opplæringsjakt. Det kan vere vanskeleg å få innpass i eit jaktlag om ein ikkje har direkte lenker inn. Dette er noko fleire vald bør vere merksame på og gjere ein innsats for å auke rekruttering i eigne vald.

Fallvilt

Vi, i samarbeid med ettersøksjegerane, har planar om å undersøke spesielt utsette stader der det er mange påkøyrslar for å sjå om det er tiltak som kan gjennomførast for å redusere risikoen for viltpåkøyrslar. Eventuelle gjennomføringar må gjerast i lag med vegeigar og aktuelle grunneigarar. Det er positivt at VFK er positiv til eit slikt samarbeid.

Når det gjeld vidare hjelp med traumatiske hendingar bør informasjon om dette gjevast frå politi eller ambulanspersonell som er direkte i kontakt med uheldige sjåførar. Frå kommunen sin side er det ettersøksjeger som er på staden. Hen har ikkje alltid direkte kontakt med sjåfør og skal ikkje ha anna ansvar enn å gjennomføre eit eventuelt ettersøk og/eller avlive skada vilt.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.